

Helseforetak: Helse Møre og Romsdal HF

Periode: 06 -07- 2019

Statusrapport fra HF

1. STATUS OG UTVIKLING KPI

Tabell 0.1: Månedlig KPI-matrise pr 31.07. 2019

Månedlig KPI matrise 2019		Hittil i år			Avvik denne periode	Utvikling *	Prognose års-avvik	Henvisning
		Resultat	Mål	Avvik				
Aktivitet	DRG-poeng somatikk	37 545	37 086	459	●	192	↑	-
	DRG-poeng poliklinikk psykiatri voksne	7 008	7 532	-524	●	31	↑	-
	DRG-poeng poliklinikk psykiatri barn og unge	6 101	7 668	-1 567	●	-257	↓	-
	DRG-poeng poliklinikk TSB	634	767	-133	●	-37	↓	-
	Ventetid pasienter behandlet somatikk	59	53	6	●	-	↓	-
	Ventetid pasienter behandlet VOP	54	45	9	●	2	↑	-
	Ventetid pasienter behandlet BUP	43	40	3	●	9	↑	-
	Ventetid pasienter behandlet TSB	35	35	-	●	6	↓	-
	Andel fristrudd pasienter behandlet	3,9%	0,0%	3,9%	●	4,0%	↓	-
Finans	Økonomisk resultat (mill kr)	-10 515	8 201	-18 716	●	-828		- Korr.aktuar
	Lønnskostnader (mill kr)	-2 474 837	-2 430 345	-44 492	●	-7 555		- Korr.aktuar
HR	Bemanning (brutto mnd.verk)	37 777	37 207	570	●	64	↑	-
	Netto sykefravær	7,9%	7,0%	0,9%	●	0,9%	↓	-

Forklaring KPI matrise

For alle KPI-ar for aktivitet og HR er utvikling målt mot same periode i fjor. Trafikklysa er målt mot hittil (altså pr juli i år mot pr juli i fjor) og pilane er mot same enkeltperiode (juli i år mot juli i fjor). For finans er utviklinga målt mot førre periode (juni).

Status aktivitet og ventetider

DRG-aktiviteten for somatikk ligg over budsjett både i juli og pr juli. Det er budsjettert med ein auke i aktiviten for 2019. Innanfor psykisk helsevern, TSB og VOP er det eit negativt avvik mot både mot budsjett i juli, pr juli 2019 og same periode i 2018. Samanliknar ein juli 2019 mot juli 2018 har somatikken og VOP ein vekst i aktiviteten (grøn pil).

Ventetida samla i HMR var 55 dagar i juni og 53 dagar i juli for pasientar som har vore inne til behandling (avvikla pasientar). Dette er om lag på same nivå som i fjor.

Status finans

Resultatet for juni er på -2,8 mill.kroner dersom ein korrigerer for endringar i basisramma knytta til pensjon. Tilsvarande viser rekneskapaen i juli eit negativt avvik på -0,8 mill.kroner. Hittil i år er det korrigererte avviket på -18,7 mill. kroner.

Prognosa for året er sett til -88,2 mill.kroner som er -56 mill.kroner dårlegere enn resultatkravet på på - 32,2 mill.kroner.

Som følge av revidert nasjonalbudsjett er basisramma for pensjon auka med totalt 59,7 mill.kroner. 6/12 er bokført i juni og utgjør 29,9 mill.kroner. F.o.m. juli vil meirinntekt for basisramma utgjere 5 mill.kroner, medan det for lønskostnadane vil vere om lag 4 mill.kroner i negativt avvik for pensjonen. Dette medfører endring i resultatmål på - 1 mill.kroner kvar måned.

Per juli har føretaket ei meirinntekt tilsvarende 6,6 mill.kroner etter korrigeringa av basisramma for pensjon på 5 mill.kroner pr. måned. Lønnsområdet viser eit avvik på -44,5 mill. kroner korrigert for pensjon, medan andre kostnader viser eit positivt avvik på 19,2 mill. kroner hittil i år inklusive finanskostnader.

Tiltaka som er sett i verk i 2019 har ikkje tilstrekkeleg effekt for å nå budsjettmålet for 2019. I styremøte 12. juni vart sak 47/9 lagt fram. Plan for kostnadsreduksjon for Helse Møre og Romsdal HF. Styret slutta seg til nivå på omstilling som var skissert i styresaka. I første omgang er det lagt opp til ein kostnadsreduksjon tilsvarende 130 årsverk der alle klinikkar og stabsavdelingar må ta sin del for å redusere kostnadsnivået/prognosen i 2019. Dersom tiltaka får effekt frå oktober er reduksjonen i kostnader berekna til om lag 20 mill. kroner i 2019 og 85 mill. kroner i heilårseffekt. Planen er at tiltaka skal vere godkjent for gjennomføring av adm.dir og leiargruppa medio september og leggast fram for styret i styremøtet 25. september 2019.

Status HR

Helse Møre og Romsdal ligg 78 brutto månadsverk over plan i juni 2019 og 10 månadsverk under nivået i juni 2018. For juli ligg føretaket 64 månadsverk over plan og 16 månadsverk under nivået i juli 2018. Auka i månadsverk kan mellom anna forklarast med auke i tal på utdanning av spesialsjukepleiarar.

Forbruket av overtid viser 1 274 fleire overtidstimar i juni samanlikna med juni 2018 og for juli 99 færre timar enn i juli 2018. Hittil i år er det forbrukt 1 970 færre overtidstimar pr. juli 2019 samanlikna med same periode i 2018. Føretaket innfører no driftsavtalar for å formalisere ei kontinuerleg oppfølging av løn og sjukefråver m.m. Avtalane skulle vore inngått på alle leiarnivå seinast 30. april 2019, men er noko forsinka. Dette er mellom anna ei oppfølging av det vedtekne lønsprosjektet.

Sjukefråværet i juni 2019 var på 7,2% noko som er 0,3 prosentpoeng under same periode i 2018, som er litt over målalet om nærværspersent på 93 %. For juli var sjukefråværet 7,9% som er 0,6 prosentpoeng over same periode i fjor.

2. ADMINISTRERENDE DIREKTØRS VURDERING

Ventetida samla i HMR var 55 dagar i juni og 53 dagar i juli for pasientar som har vore inne til behandling (avvikla pasientar). Dette er om lag på same nivå som i fjor. Vi ser ein nedgang i ventetida innanfor somatikk, psykisk helsevern vaksne og TSB den siste månaden, og vi ser og ein reduksjon i talet på fristbrot innanfor både VOP, BUP og TSB samanlikna med juli 2018.

Talet på fristbrot samla for HMR i juli 2019 har auka med 0,4% samanlikna med juli 2018, og er på 4%. Samanlikna med same periode i fjor, ser ein framleis ein positiv trend innanfor psykisk helsevern barn og unge, med betydeleg reduksjon både på ventetid og talet på fristbrot.

Resultatet for juni er på -2,8 mill.kroner og juli -0,8 mill.kroner i høve til budsjett (korrigert for endra pensjonskostnader. Hittil i år (pr. juli) er avviket på -18,7 mill. kroner. Sjølv om rekneskapsresultatet for sommarmånadane ikkje viser dei store avvika samla sett ser vi at den underliggende drifta er utfordrande. I tillegg er fleire av dei opprinnelege/uspesifiserte tiltaka periodisert inn med effekt frå september og med ei forsinking/ utsetting av skisserte tiltak vil dette skape negative resultatavvik dei siste månadene i 2019.

Det økonomiske avviket kan hovudsakleg knyttast til avvik innanfor lønsområdet. På hovudpost 5 ligg også manglande tiltak budsjettert og som bidreg til det negative resultatet. Prognosa for året er sett til -88,2 mill.kroner som er -56 mill.kroner dårlegere enn resultatkravet. Dette er same prognose som i mai-rapporteringa korrigert for endringar gjennom revidert nasjonalbudsjett.. Ved utgangen av juli har 2 av 7 klinikkar positive avvik mot budsjett og 3 av klinikkane har pasientrelaterte inntekter over opprinneleg budsjett.

Omstilling

For å løyse den økonomiske utfordringa i 2019 blei det vedtatt igangsetjing av prosjekt på ni ulike område:

1. Reduksjon av meirtid til 2015 nivå (meirtidsprosjektet)
2. Tilpassing av sengekapasitet med meir effektiv og kortare liggetid (sengeprosjektet)
3. Endring av tilbodet innan spesialisert rehabilitering (rehabiliteringsprosjektet)
4. Tilpassing av døgntilbodet innan psykisk helsevern og rus (KPHR-prosjektet)
5. Samling av fødetilbodet (fødeprosjektet)
6. Tilpassing av prehospital- og intensivtilbodet (akuttprosjektet)
7. Outsourcing av støttetjenester (outsourcing-prosjektet)
8. Produktivitetssauke innan operativ verksemd (operasjonsprosjektet)
9. Effektivisering av arbeidsprosessar gjennom digitale løysingar (digitaliseringsprosjektet)

Det økonomiske omstillingsbehovet for HMR HF var 200 mill.kroner i 2019. Det er opprinneleg skissert tiltak med effekt på tilsaman 137,7 mill.kroner i 2019, herunder ligg prosjekta ovanfor. Fleire av tiltaka som er planlagt sett i verk i 2019 har vist seg å få lav eller ingen økonomisk effekt inneverande år. Fleire av tiltaka er av strukturell karakter som medfører omfattande prosessar som krev god dialog med kommunar, brukarar og tilsette. Det har vore komplekst å køyre mange prosjekt parallelt, noko som har ført til at framdrifta på dei tiltaka som ikkje handlar om strukturelle tiltak har vore for låg. Dette speglast også i prognosen. På bakgrunn av dette vart det i styremøte 12. juni lagt fram sak 47/9 Plan for kostnadsreduksjon for Helse Møre og Romsdal HF der det er lagt auka vekt på tiltak som skal gi rask effekt og som skal medføre ein reell kostnadsreduksjon. Utfordringa er knytt til for høgt nivå på lønnskostnadene i helseføretaket. Adm. dir ønskjer difor å gjennomføre tiltak som medfører ein økonomisk reduksjon i kostnadsnivået inneverande år.

For 2019 er det berekna ei økonomisk prognose på -88,2 mill. kroner i negativt regnskapsresultat mot eit resultatkrav -32,5 mill. kroner. Ut frå ei samla vurdering vil det på kort sikt vere for krevjande å kome ned på eit driftsnivå som vil oppfylle resultatkravet for 2019. I første runde foreslår adm. direktør å redusere kostnadsnivået tilsvarande 130 utbetalte årsverk (heilårseffekt). Årsverka er fordelt på alle dei sju klinikkane i tillegg til sentral stab.

Tidligst økonomisk effekt vil først vere frå september/ oktober, men truleg også seinare for nokon av tiltaka. Dersom tiltaka får effekt frå oktober er kostnadsreduksjonen berekna til om lag 20 mill. kroner i 2019 og 85 mill. kroner i heilårseffekt. Styret i HMR vil bli orientert i styremøtet 25. september om korleis kostnadsreduksjonen er tenkt gjennomført.